

LYKLING SOKNERÅD

Årsmelding 2020

Lykling sokneråd si samansetjing i 2020:

Inger Johanne Sele	leiar
Elisabeth Diane Bjørnevik	nestleiar
Linda Gunnarsjaa	kasserar
Sissel Steinsland Gåsland	sekretær
Astri Litlabø Sakseide	styremedlem
Heidi Ådnanes	styremedlem
Fridleif Lydersen	styremedlem/sokneprest
Arne Thorsen	1. varamedlem, møter fast
Einar Larsen	2. varamedlem
Johannes Hjelland	3. varamedlem
Beate Karin Lie Stautland	4. varamedlem
John Christian Bauge	5. varamedlem

Arne Thorsen søkte fritak frå sitt verv som 1.vara i september. Det same gjorde Einar Larsen, så Johannes Hjelland vart frå og med desember kalla inn som 1.vara.

Representant til fellesrådet:

Elisabeth Diane Bjørnevik, vara: Inger Johanne Sele
Heidi Ådnanes, vara: Astri Litlabø Sakseide

Andre verv:

Kyrkjevertlistene: Linda Gunnarsjaa
Representant til TOL utvalet: Heidi Ådnanes
Kontakt til KN-aksjonen: Sissel Steinsland Gåsland
Kontakt til diakoniarbeidet: Astri Litlabø Sakseide
Ansvar for kyrkjekaffi: Linda Gunnarsjaa
Kimen: Inger Johanne Sele organiserer, resten av soknerådet deltek
Estlandskomiteen: Lillian Jensrud
PC og lyd: Kathrine Bjørnevik
Beredskap ved varsling av brann/tjuveri: Ståle Skjetne og Audun Fjellheim

Besøksteneste på Bømlo sjukeheim:

Besøkstenesten har lagt nede grunna korona.

Soknerådsarbeidet:

2020 har vore prega av koronapandemien og det meste av planlagt arbeid måtte gå ut grunna smittevern føreskrifter. Desse har skifta mykje, alt etter korleis smittesituasjonen har vore i distriktet og landet. Lykling kyrkje er lita og det har variert veldig på talet det har vore lov å samla inne i bygget. Talet har vore heilt nede i 10. I periodar har kyrkja vore heilt stengt.

- I 2020 hadde Lykling sokneråd 9 møte og handsama 82 saker. Eit møte vart halde digitalt grunna smittevern.
- Soknerådet har ansvar for budsjett, rekneskap og årsmelding. Årsmøtet for 2020 vart avlyst grunna korona. Rekneskap og årsmelding vart lagt ut på heimesida til kyrkja. Det vart vanskeleg å setja opp eit budsjett grunna all uvissa omkring dei ulike arrangementa.
- Soknerådet har ansvaret for tildeling av offer ved gudstenestene. I starten av pandemien vart det berre strøyma gudstenester frå Bremnes der offera vart fordelt etter den vanlege fordelingsnøkkelen. Etter kvart som ein fekk erfaring med digitale gudstenester vart dei ulike kyrkjene sine offer opplyste om i desse sendingane. Då kunne sjåarane vippsa eit beløp til den kyrkja som hadde den offermottakaren dei ønska å støtta.
- Kyrkjegarden har vore plaga av hjort som et på blomar, og øydelegg fint stelte graver. Problemet er meldt opp til fellesrådet. Eit type hinder for å halda hjorten ute frå gravplassen, ligg i prioriteringslista.
- Ein ventar på ny safe til Lykling kyrkje.
- Nytt lydanlegg kom på plass i Lykling kyrkje i løpet av 2020.

Konfirmantarbeid:

Det meste av soknet sitt arbeid for konfirmantane vart diverre avlyst grunna pandemien.

- **Konfirmant 2020:**
Planlagt tur til «Høyt og lavt» i Nedstrand i april vart avlyst. Konfirmantfesten. Sjølv konfirmasjonen for kull 2020 vart utsett, frå mai til september. Konfirmasjonsgudstenesta 27. september, vart flytta frå Lykling kyrkje til Bremnes kyrkje. Dette for å gi konfirmantane høve til å ha med familie og andre gjester til kyrkja.
Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon vart gjort digital, i staden for at konfirmantane gjekk rundt med bøsser. Kantor Øystein Lund Olafsen hadde i forkant laga ein musikkvideo, «Me er ei verd», der medlemmar i Bømlo Gospel og Bremnes kantori deltok. Videoen promoterte aksjonen godt og var svært positiv for innsamlinga.
Resultat for Lykling sokn: 2020 kr 15777, 2019 kr 20743, 2018 kr 13850.
- **Konfirmant 2021:**
Båt- og dykkar tur med dykkarklubben i september 2020, vart vedteke å flytta til våren 2021 grunna korona og smittevern.
Lysmessa 06.12.20 med arrangement for konfirmantane i etterkant, vart avlyst grunna koronarestriksjonar.

Spesielle gudstenester og temakveldar:

- **Tre heilage kongars fest og gudsteneste søndag 05.01.20**

Dette vart ei kjekk oppleving som me har fått mykje gode tilbakemeldingar på. Det har og komme inn tilbakemeldingar om at det ikkje var greitt å ha fest og gudsteneste i lag på bedehuset. Men desse har vore i klart mindretal.

Innhald: Preike med dramatisering: levande Jesusbarn, song av dei heilage kongane og kamel som nikka takten engasjerte. Prest, organist og pedagog hadde gjort ein god jobb i forkant. Dåpen gjekk bra - sjølv om dåpsbarnet syntest lydnivået vart litt høg. Det var mykje folk (110) og trongt om plassen, så neste gang kan nattverden utelatast for å unngå vandring i salen. Det var ikkje berre enkelt.

Dei fleste stoppa att etter gudstenesta og deltok på lunsjen og festen med stolleik, juletregang og englebesøk. Det vart laga 50 godteposar til borna, og dette var rikeleg. Me held likevel på talet til neste år.

Tidspunktet for festen kan gjerne diskuterast til neste gang.

- **17 mai – gudsteneste felles for heila Bømlo:**

Grunna koronapandemien vart det ikkje gudsteneste i kyrkja. Gudstenesta vart gjort digitalt. Kyrkjekontoret, med kantor Øystein Lund Olafsen i spissen, gjorde eit flott arbeid med denne. Det vart gjort opptak i forkant med innslag av både musikk, song, tekstlesing, preike og nydelege bilete frå Bømlo. Opptaka var gjort på mange ulike stader i kommunen, så alle krinsar var inkluderte. I etterkant har det komme mange lovord om dette opplegget.

- **Dåpsgudsteneste 30.mai i Lykling kyrkje:** Lukka arrangement for dåpsfamiliar.
- **Friluftsgudsteneste i Helvik:** Denne blei avlyst grunna korona.
- **Kanaldagsgudsteneste:** Kanaldagane blei avlyst grunna korona
- **Open kyrkje:** Soknerådet heldt open kyrkje 30.04, 14.05, 28.05, 27.12. og 30.12.20

- **Temakveldar:**

23.01 Allsongkveld, kor mellom anna vokalgruppa Kling deltok.

20.02 Foredrag v/ prost Svein Arne Theodorsen

26.03 Avlyst grunna korona.

03.09 «Ei reise til Færøyane» v/Fridleif Lydersen

01.10 «salmeønskekonert» m/ Øystein Lund Olafsen

05.11 avlyst grunna koronarestriksjonar

Soknepresten sin årsrapport for Lykling sokn.

Dette året er det vanskeleg å skrive ei vanleg rapport for koronaen har gjort at mykje av arbeidet i kyrkjelyden har vore avlyst eller på nett.

Dette året har det vore 20 gudstenester i Lykling sokn. Den årlege juleskulegudstenestane vart avlyst. Det har vært streama totalt 21 gudstenester frå kyrkjene på Bømlo dette året, slik har vi kunne gitt folket her i kommuna og andre plassar eit godt tilbod.

Eg kan nemna to av dei store produksjonane når et gjeld gudstenester var 17. mai og juleaftan blei felles gudstenester for heile Bømlo. Det blei tekne opp frå heile Bømlo, kyrkjer og andre plassar, og det var mange aktørar som var med. Opptaka blei sydd saman til to flotte gudstenester som mange har sett på nett. Ei musikkvideo blei laga i samband med Kirkens Nødhjelps fasteaksjon med aktørar frå heile kommuna, og denne blei ei stor suksess. Det ein digital julekalender for heile Bømlo med aktørar frå heile Bømlo.

Det var 14 gravferder og ingen vigsel. Det var 10 gudstenester med dåp.

Konfirmasjonsgudstenesta blei flytta til Bremnes kyrkje grunna korona. Det var 8 konfirmentar i soknet i år.

Trusopplæringa har som alt anna kyrkjeleg arbeid vært råka av koronasituasjonen.

Ei stor takk til alle løna og uløna medarbeidarar for det de har gjort i 2020 i regi av Bømlo sokn.

Gud velsigne dykk og den tenesta de står i.

Sokneprest

Fríðleif Lydersen

Onsdag 10. februar 2021

Statistikk for Lykling sokn:

Det er ikkje mogleg å skriva ein statistikk, grunna koronaåret, og alle avlysingane.

TOL – tiltak

Rapport trusopplæring Lykling sokn 2020 v/Liv Merethe Fylkesnes

Tiltak	Dato	Medlem	Møtte	Ansvarleg
Tru:D Babysong	16 samlingar Våren -20 var nokre av samlingane på messenger eller på zoom. Det var kjekt å få starta opp at når det nærma seg sommar. Då hadde me babysong kvar veke. Hausten starta fint, men dei siste samlingane måtte avlyst.	11	20	Liv Merete
Tru:D1 Myldrekveld	Avlyst grunna korona			
Tru:D2 Myldrekveld	Avlyst grunna korona			
Tru:D3 Krøllekveld	01.09.20 Kjekk samling. Fekk tilbakemelding frå ei av mødrene om at det skulle vore fleire slike samlingar for barna.	10	7	Liv Merete
Tru:D4 4årsbok	Det brukar å vera to samlingar for fireåringane. I år blei det berre invitert til gudstenesta søndagen. Dette for å ikkje ha fleire oppmøte grunna korona.	9	9	Liv Merete, Fridleif, Øystein og Heidi
Tru:D6 Barnebibel	05.09.20 I år vart det eiga samling med utdeling av barnebibel til seksåringane. Me kunne ikkje samla alle i ei gudsteneste.	9	6	Liv Merete, Laila, Camilla, Aksel og Heidi
Tru:D7 Påskedrama	Avlyst grunna korona Liv Merete laga fire digitale påskesamlingar for barn i staden for. Desse blei lagt ut på lukka facebookgruppe for trusopplæring i Lykling, og på facebookside til Lykling kyrkje. I tillegg la me ut tips til påskeaktivitetar ein kunne gjera heima. Dette også i facebookgruppa.			Liv Merete
Tru:D8 Aktivitetsdag	Avlyst grunna korona			
Tru:D9 Tårnagenthelg	Det var eit lite kull i år, så me bestemte oss for å ha denne saman med årskullet under, og i 2021			
Tru:D10 Jubileum for dåp	30.09.20 Dette tiltaket er lagt opp som ei bursdagsfeiring med pølsefest, gelé til dessert og ulike bursdagsleikar. Temaet er dåpen. Me bruka både forteljinga om Sivsjøunderet, og me snakka om Jesus sin dåp. Me hadde ei fin samling der barna	11	13	Liv Merete og Anne Grete

	var aktivt deltakande i samtalen.			
Tru:D11 LysVaken	Det var ikkje LysVaken dette året grunna lite kull. Aldersgruppa får invitasjon saman med dei som er i årskullet under neste år.			
Tru:D12/13 12-festival	Avlyst grunna korona			
Tru:D14 Innskriving konf.	Denne samlinga blei avlyst grunna korona. Informasjon om konfirmanttida blei sendt ut pr post i staden.			
Tru:D15 Konfirmasjon	Konfirmasjonen blei flytta til hausten, og til Bremnes kyrkje. Me hadde fått gjennomført det meste av konfirmantopplegget før korona.	8	7	Liv Merete, Fridleif og Øystein
Tru:D16 Fjorårskonfirmant	Avlyst grunna korona			
Tru:D17 Londontur	Avlyst grunna korona			

Økonomi:

Det vert vist til rekneskapen.

Soknerådet takkar alle trufaste medarbeidarar for innsatsen i 2020.

Inger Johanne Sele, leiar Linda Gunnarsjaa, kasserar Sissel S. Gåsland, sekretær